

Årsmelding

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

2016



Ovebu i Sørsendalen

Foto: Alf Erik Røyrvik

Verneområdeforvaltar
Alf Erik Røyrvik

1. Generelt

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet vart verna 9. januar 2009, og det første verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011. Verneområdet er på 394 km², og ligg i kommunane Gloppen, Naustdal, Jølster og Førde.

Styret

Det vart konstituert nytt styre for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet i 2016. Etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2015 vart det oppnemnt nye representantar frå kommunane og fylkestinget. Det nye Naustdal-Gjengedal verneområdestyre konstituerte seg på styremøte 11.mars 2016.

Det nye verneområdestyret for perioden 2016-2019 ser slik ut:

Verv	Namn	Representanter	Vararepresentant
Leiar	Håkon Myrvang	Naustdal kommune	Annlaug Birkeland
Nestleiar	Oddmund Klakegg	Jølster kommune	Ragnhild Sæle
Medlem	Iris Loftheim	Førde kommune	Liv Løken
Medlem	Leidulf Rygg Bogstad	Gloppen kommune	Gunvor Sunde
Medlem	Gunhild Berge Stang	Fylkeskommunen	Erlend Haugen Herstad

Styret har hatt 3 styremøte i 2016. Desse møta var på Skei, i Naustdal og på Sandane. Til saman vart det handsama 26 styresaker i desse møta

Verneområdeforvaltaren har delegert mynde til å fatte delegerte vedtak i kurante saker, etter visse retningslinjer. I 2016 har det blitt fatta 11 slike delegerte vedtak.

Delegeringsreglementet har redusert behovet for arbeidsutval vesentleg. Det nye verneområdestyret har derfor ikkje oppretta arbeidsutval.

I slutten av mai var representantar frå styret med på studietur til Geilo og Hallingsskarvet. Føremålet med studieturen var mellom anna å lære av reiselivskommunen Hol og å høyre om Hallingsskarvet sine erfaringar frå arbeidet med besøksstrategi.

2. Saker

Talet på saker i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er på eit lågt til middels nivå samanlikna med andre store verneområde. Saksmengda har gått ned sidan styret vart konstituert, då ein har fått på plass fleirårige løyve for jamlege behov og effektive rutinar. Dei fleste vedtakssakene er motorferdselsaker, men det vert og handsama nokre bygge-/inngrepssaker og ein del administrative saker.

Motorferdsel:

Her er dei løyva til motorferdsel som har blitt gjevne i 2016. Løyva har blitt gjeve av enten styret eller som delegert vedtak av forvaltar.

Søkjar	Type løyve	Føremål	Omfang/ mengde	Kor
Indre Sunnfjord turlag	Helikopter	Forsyningar til Longevasshytta	5 landingar per år i 4 år	Longevasshytta
Søreide og Ryssdal beitelag	Snøskuter	Saltstein	3 turar	Jardalen og Vardevatnet
Jan Kjetil Øygard	Snøskuter og motorbår	Transport av material til hytte	5 turar med skuter og 10 turar med båt	Traudalen
Naustdal RK Hjelpekorps	Snøskuter	Kjentmannskøyring	10 turar kvart år i 4 år	Sandfjellet, Vonamarka, Longevasshytta
Gloppen RK Hjelpekorps	Snøskuter	Kjentmannskøyring	3 turar kvart år i 3 år	Svartekari, Morafta, Ryssdalen
Anders Søreide	Snøskuter	Transport av material til naust	7 turar	Vardevatnet
Oddvar Helgås	Snøskuter	Transport av material til hytte	8 turar	Vona
Grunneigarar Ryssdal	Beltekøyrety på snø	Transport av båt	1 tur	Ryssdal - Dalevatnet
Midtre Jølster beitelag	Helikopter	Transport av gjerdemateriell	1 landing	Skjorta
Norges geologiske undersøkelser	Helikopter og drone	Overvaking av ustabilt fjell	1 landing kvart år i 5 år	Fjellet ovanfor Osmundnes
Rakel Rygg Wilke	Motorbåt	Transport av material til bygning	10 turar	Traudalen
Instedalen Skianlegg	Snøskuter	Løypekøyring	1 tur kvar veke 1.jan – 1.april i åra 2017-2020	Vonamarka

Byggessaker:

- Anders Søreide fekk løyve til å heve taket på eit naust ved Vardevatnet med inntil 50 cm. Verneområdestyret vurderte tiltaket til å ikkje vere i strid med lokal byggeskikk, og elles innanfor rammene av det som kan akseptast.

Inngrepssaker:

- Midtre Jølster beitelas sone 4 fekk løyve til å sette ned boltar i fjellet i samband med utbetring av sti langs Brimsvatnet. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.

Andre saker:

- Verneområdestyret sende inn høyringsfråsegner til 5 småkraftsaker i Gloppen. Desse sakene ligg framleis til handsaming hjå Norges vassdrags- og energidirektorat.
- Nestleiar i styret og verneområdeforvaltar var til stades på synfaring ved Stegsvatnet i Jølster, i samband med klage på avslag på konsesjonssøknad for kraftverk. Olje- og energidepartementet handsamar saka og arrangerte synfaringa.

Forvaltningsplanen:

Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet fekk endeleg godkjenning av Miljødirektoratet hausten 2015. I starten av 2016 vart forvaltningsplanen trykka opp og sendt ut til alle grunneigarar og andre mottakarar. Med det er arbeidet med forvaltningsplanen fullført for denne gong. No når planen er godkjent og tilgjengeleg kan den endeleg fungere som det verktøyet den skal vere, både for forvaltninga og brukarane.

Besøksstrategi:

Verneområdestyret vedtok i 2016 å utarbeide ein besøksstrategi for landskapsvernombordet. Besøksstrategien skal bidra til at besökande til landskapsvernombordet skal få best muleg opplevelingar og legge til rette for lokal verdiskaping, utan at dette går ut over natur- og verneverdiar. Alle nasjonalparkar og store verneområde skal ha på plass besøksstrategi innan 2020.

Dette arbeidet går framleis, vonleg vil besøksstrategien vere ferdig og vedteken første halvår av 2017. Besøksstrategien vil då vere eit viktig styringsdokument for prioritering av tiltaksmidlar og andre ressursar.

3. Rekneskap

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Ålfotbreen landskapsvernområde, er det satt opp ein felles rekneskapsoversikt.

2016	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbreen	
	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar
Lønn og sosiale utg		581 024		294 938		286 086
Drift forvaltar og knutepunkt		75 599		41 280		34 320
Drift styre	190 000	135 570	100 000	70 277	90 000	65 293
Planarbeid	70 000	67 148	50 000	49 066	20 000	18 082
Bestillingsdialog	830 000	741 833	550 000	501 833	280 000	240 000
Tot		1 601 175		957 394		643 781

Når vi samanliknar rekneskapen for 2016 med tidlegare år, so ser vi at vi har hatt større kostnader til drift av styra i år enn kva som har vore vanleg siste åra. Dette skuldast nok at vi i 2016 har hatt både kompetanseprogram og studietur som representantar frå begge styra deltok på.

Vi ser og at vi har hatt kostnadar til planarbeid som er vesentleg høgare enn tidlegare. Kostnaden gjeld trykking og utsending av forvaltningsplan til godt over 500 mottakarar.

4. Tiltak / bruk av midlar

Bruk av midlar:

Midlane som verneområdestyret fekk til rådvelde i 2016, har blitt brukt på følgjande måte:

Tiltak	Sum
Skjøtsel Arnestadstøylen - slått av støylskvia.	10 000
Tilrettelegging av stien frå Vonavatnet og innover mot Nesstølen.	115 674
Merke opp att dei T-merka rutene frå Kandalen til Longevasshytta og Langedalen til Longevasshytta	10 000
Nye turskilt i Traudalen	10 000
Tiltak på stien til Arnestadstøylen – del av fleirårig tiltaksplan	28 884
Innkjøp av trekloppar til stiarbeid	30 000
Utbetring av stien til Breidalen	25 000
Stiarbeid Sørsendalen/Kandalen	25 000
Parkeringsplassar på startpunkt for toppturar i Jølster kommune (innfallsportar til verneområdet)	150 000
Klopplegging på stien Ryssdal - Nesstøylen	32 275
Støtte til bygging av bru på Øvrebø, Åhus i Jølster	25 000
Parkeringsplass i Hestedalen.	40 000
Totalt	501 833

Verneområdestyret fekk tildelt kr 550.000 i tiltaksmidlar i 2016. Vi fekk ikkje brukt alle dei tildelte midlane, men vi fekk likevel gjennomført og/eller støtta veldig mange tiltak i år. På lista her er det totalt 12 tiltak. Desse er enten gjennomført i regi av verneområdeforvaltninga, eller i regi av grunneigarar eller andre, og fått støtte frå tiltaksmidlane. Vi har aldri før gjennomført og støtta so mange tiltak på eitt år.

Dei fleste av tiltaka stod på lista over tiltak som vart meldt inn gjennom bestillingsdialogen for 2016. Men nokre av tiltaka har dukka opp gjennom året, og det har då blitt omprioritert midlar gjennom styrevedtak.

Tilrettelegging:

I 2016 vart gjort veldig mange tilretteleggingstiltak i landskapsvernombordet, sjå oversikt over bruken av midlar ovanfor her. Vi har ikkje hatt nokon store prosjekt i verneområdestyret sin regi, slik som gjerne har hatt tidlegare. Men vi har støtta mange mindre tiltak. Dei fleste av desse tiltakagjeld utbetring av infrastruktur som stiar og vegar i og rundt verneområdet, og dei er både planlagt og gjennomført i regi av grunneigarar. Det er stort engasjement og stor arbeidsvilje for å gjere slike tiltak og dermed gjere området meir tilgjengeleg og meir attraktivt både for lokale og tilreisande.

I tillegg til dei tiltaka som er lista opp i tabellen, har verneområdestyret fått utbetra stien frå Ryssdalsstøylen og oppover mot Geitabykset. Ved hjelp av tenestekjøp vart det bygd steintrapper gjennom steinura her, kor det tidlegare var litt vanskeleg å gå. Dette tiltaket vart finansiert av tiltaksmidlane for 2015 og dermed ikkje belasta budsjettet for 2016.

Skjøtsel:

Arnestad grunneigarlag har gjennomført slått på Arnestadstøylen. Dette er eit årleg tiltak.

5. Fagleg Rådgjevande utval

Fagleg Rådgjevande utval er samansett slik:

Nils Magne Gjengedal (leiar)	grunneigar Hyen
Ole Gimmestad	grunneigar Sandane
Svein Egil Svorstøl	grunneigar Naustdal
Lars Indrebø	grunneigar Førde
Inge Erikstad	grunneigar Jølster
Kjell Arne Hjellbrekke (nestleiar)	Sogn og Fjordane Turlag
Erik Solheim	Naturvernforbundet S&F
Erlend Aunevik (representant)	Nordfjord Folkehøgskule
Julie Sotnak Aaland	Reisemål Stryn & Nordfjord
Vidar Aa. Djupvik/Torger Eimhjellen	Sunnfjord Næringsutvikling
	Førdefjella Villreinutval

Det står i vedtekten til verneområdestyret at det skal oppnemnast eit Fagleg Rådgjevande utval. Dette utvalet skal vere samansett av grunneigarar og ulike brukarinteresser, og det skal vere rådgjevande ovanfor styret. Utvalet vart først oppnemnt i 2012 og deretter rullert i 2015. Utvalet har hatt eitt møte i 2016, den 22. november på Skei.

6. Forvaltar

Verneområdeforvaltaren vart tilsett 1.oktober 2011 og har verka i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Sandane, der han delar kontor med Statens naturoppsyn sin oppsynsmann som er tilknytt Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen landskapsvernombord.

Samarbeidet med SNO lokalt fungerer veldig godt. Vi jobbar mykje i team, både under planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak, tenestekjøp og i dei konkrete sakene som dukkar opp.

Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på i 2016:

- 4.-5.april, Kompetanseprogram for nye nasjonalpark- og verneområdestyre.
- 23.-25. mai, studietur til Geilo med verneområdestyra.
- 30.-31.mai, samling med verneområdeforvaltarane i Aurland.
- 7. juni, Opning av Busperstova naturhus i Langedalen.
- 28. juni, Kurs i stimerking på Skei.
- 27.-28. oktober, temasamling for verneområdeforvaltarar.
- 8.-9. november, Nasjonalparkkonferanse i Trondheim.
- 15.november, Kurs i offentlege innkjøp, Florø.

Møteverksemd

- Folkemøter i samband med konsesjonssøknadar på småkraft i Gloppen.
- Avdelingsmøter, personalsamling og andre interne møter hjå Fylkesmannen.
- Møter som tillitsvalt for Naturviterne hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Møter med fagpersonar i kommunane.
- Møter med organisasjonar og næringsliv.
- Uformelle møter med grunneigarar og andre.

Verneområdeforvaltaren og naturoppsyn har vore på ein del synfaringar, mellom anna i samband med planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak og i samband med saker som forvaltar og styre har hatt til handsaming. Mellom anna deltok forvaltar på fleire synfaringar i samband med ei pakke på 12 småkraftsøknadar i Gloppen.

7. Bilete frå 2016



Bilete 1. Den nye verneområdestyret for 2016-2019

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 2. Botnastølen i Angedalen, Førde

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 3. Naturoppsyn Rune Holen ser etter spor frå Svartekari.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 4. Opning av *Busperstova Naturhus*, som grunneigarane på Gimmestad – Moen har bygd på dugnad.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 5. Naustdal-Gjengedal vo-styre og Ålfotbreen vo-styre på studietur til Geilo og vitjar kollegaer og naturvener.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 6. Villreinen i Førdefjella-stammen kviler i Omberskaret ved Jardalen.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 7. Kandalstøylen i Gloppen

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 8. Ovebu i Sørsendalen med Botnafjellet i bakgrunnen. Botnafjellet, med sine 1572 moh er høgaste fjellet Naustdal-Gjengedal landskapsvernombåde.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 9. Den flotte utsikten frå Rausetstøylen innover mot Sandane Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 10. Steintrappene opp mot Ryssdalshornet under bygging Foto: Alf Erik Røyrvik